



Arkivnr: 2018/527-1  
Saksbehandlar: Linda Farestveit

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		06.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

## MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule

### Samandrag

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak i møtet 12.12.17:

MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule er positivt. Fylkestinget ber om at det vert greidd ut i ei eiga sak kva kostnaden er med MOT i den vidaregåande skulen, kor mange MOT-skular vi har og korleis dette arbeidet vert følgt opp.

Det er to MOT-skular i Hordaland fylkeskommune, Askøy vgs og Os vgs. Ein MOT-partnaravtale for programmet *Robust ungdom 16-25* har ein årleg pris på kr 40 000 i året for ein vidaregåande skule. I tillegg kan skulen velje tilleggsprogrammet *Skolen som samfunnsbygger*. Her er prisen avhengig av talet på elevar ved skulen. Det kostar til dømes kr 45 000 for skular med mindre enn 400 elevar, 55 000 for skular med mellom 400 og 499 elevar, og 60 000 for skular med mellom 500 og 599 elevar og så vidare. Gjensidigestiftelsen støttar avtalane, slik at skulane får rabatt dei tre første åra. Til no er rabatten 90 % første året, 60 % andre året, 30 % tredje året. Rabatten gjeld berre for programmet for skulen som samfunnsbyggjar.

Alle vidaregåande skular i HFK skal arbeide systematisk for å sikre at elevane har eit godt psykososialt miljø. Det pedagogiske styringsdokumentet for inneverande periode har nulltoleranse mot mobbing som prioritert satsingsområde, og skulane skal vise korleis dei arbeider systematisk for at alle elevar har eit godt og trygt læringsmiljø. Dei to vidaregåande skulane i Hordaland som har valt å inngå partneravtale om å delta i MOT-programmet, blir følgt opp av fylkesrådmannen gjennom styringsdialogen i skulebesøka, der skulen sitt arbeid med skulemiljøet er eit sentralt tema.

Fylkesrådmannen meiner at sjølv om dei fleste evalueringane er gjort i ungdomskular, kan MOT-programmet vere eit godt tiltak i arbeidet med å nå målet om eit godt psykososialt læringsmiljø for alle. For å lykkast er det avgjerande at skulane er motiverte. Fylkesrådmannen foreslår at interesserte skular kan søkje om delfinansiering av kontingent i MOT-programmet, og at det vert sett av kr 200 000 til formålet. I tillegg vil fylkesrådmannen vurdere å invitere MOT-skulane til skulemiljøkonferansen for å dele sine erfaringar.

**Økonomi:** 200 000 vert sett av innanfor budsjett 2018 for opplæring

**Klima:** ingen effekt

**Folkehelse:** styrke folkehelse gjennom betre psykososialt miljø for ungdommar

**Regional planstrategi:** ingen effekt

**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg om å setje av kr 200 000 som skal gå til delfinansiering av kontingent for skular som ønskjer å søke om partnerskap i MOT-programmet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.01.2018

Fylkesrådmannen viser til møtet i FT i desember 2017 og vedtak i sak 105/17 om at «MOT som haldningsskapande program i vidaregåande skule er positivt. Fylkestinget ber om at det vert greidd ut i ei eiga sak kva kostnaden er med MOT i den vidaregåande skulen, kor mange MOT-skular vi har og korleis dette arbeidet vert følgt opp.»

Det er to MOT-skular i Hordaland fylkeskommune, Askøy vgs og Os vgs. Ein MOT-partnaravtale for programmet *Robust ungdom 16-25* har ein årleg pris på kr 40 000 kr i året for ein vidaregåande skule. I tillegg kan skulen velje tilleggsprogrammet *Skolen som samfunnsbygger*. Her er prisen avhengig av talet på elevar ved skulen. Det kostar til dømes kr 45 000 for skular med mindre enn 400 elevar, 55 000 for skular med mellom 400 og 499 elevar, og 60 000 for skular med mellom 500 og 599 elevar og så vidare. Gjensidige-stiftelsen støttar avtalane, slik at skulane får rabatt dei tre første åra. Til no er rabatten 90 % første året, 60 % andre året, 30 % tredje året. Rabatten gjeld berre for programmet for skulen som samfunnsbyggjar.

Alle vidaregåande skular i HFK skal arbeide systematisk for å sikre at elevane har eit godt psykososialt miljø. Det pedagogiske styringsdokumentet for inneverande periode har nulltoleranse mot mobbing som prioritert satsingsområde, og skulane skal vise korleis dei arbeider systematisk for at alle elevar har eit godt og trygt læringsmiljø. Dei to vidaregåande skulane i Hordaland som har valt å inngå partnaravtale å delta i MOT-programmet, blir følgt opp av fylkesrådmannen gjennom styringsdialogen i skulebesøka, der skulen sitt arbeid med skulemiljøet er eit sentralt tema.

MOT er ein ideell organisasjon som vart stifta i 1997. MOT sin visjon er å bidra til eit varmare og tryggare oppvekstmiljø gjennom å styrke ungdommar sitt mot til å ta vare på seg sjølv og andre gjennom vala dei gjer. MOT arbeider med å bevisstgjere ungdom til å ta val som gjer at dei meistrar livet. Dette vert gjort gjennom haldningsskapande arbeid med fokus på verdiar, val og tru på egne krefter.

MOT har tre grunnverdiar:

- Mot til å bry seg
- Mot til å seie nei
- Mot til å leve

PROBA samfunnsanalyse gjennomførde i 2010 ei effektevaluering av MOT i ungdomsskular.

Målet var å måle eventuelle effektar av MOT. I kva grad påverkar MOT sitt arbeid i ungdomsskulen dei endringane i haldningar og åtferd som ein ønskjer å oppnå med programmet? Evalueringa la hovudsakleg vekt på å undersøke effektar av MOT sitt arbeid på

- ungdommen sin trivsel på skulen
- haldningar og åtferd knytt til mobbing
- haldningar og åtferd knytt til rusmidlar som røyk, snus, og alkohol
- ungdommane sin sjølvtilitt, optimisme, tru på egne kreftar, og mot

Sjølv om elevane ved MOT-skulane var svært positive til programmet, så var det noko varierende resultat effekt på ulike variablar. Den mest tydelege positive forskjellen mellom MOT-skular og kontrollskulane viste seg på området opplevd sjølvtilitt, optimisme, tru på egne krefter og mot. Programmet har mindre effekt på åtferd enn på haldningar. Forskarane fann ein moderat positiv effekt på mobbing, men berre svak effekt på bruk av rusmidlar. Det mest overraskande var at det ikkje var mogleg å finne forskjell på elevane si oppleving av trivsel mellom MOT-skular og kontrollskulane.

(<http://proba.no/app/uploads/sites/4/rapport-2010-05-evaluering-av-mot-i-ungdomsskolen.pdf>)

Ein annan rapport frå 2012 analyserer forskjellar mellom MOT-skular og landsgjennomsnittet på grunnlag av tal frå elevundersøkinga. Tal frå perioden 2008 til 2012 viste ei generell positiv utvikling på landsbasis når det gjeld del elevar som opplevde mykje mobbing, som hadde dårleg trivsel, og ikkje minst delen som rapporterte at dei hadde eit dårleg forhold til læraren sin. På MOT- skulane viste utviklinga seg likevel å vere meir positiv enn på landsbasis, noko som gjer at forskjellane mellom elevane på desse skulane og elevane på landsbasis var blitt større. Delen elevar som vart mobba fleire gonger i veka, utvikla seg slik frå 2008 til 2012:

År	Landsbasis	MOT-skular
2008	4,6%	4,2%
2012	3,5%	2,2%

Rapporten peikte også på sammenhengen mellom korleis MOT-programmet var sett i verk og programresultat. I 2012 vart totalt 66 skular vurdert til å ha kome langt i å implementere MOT på ein god måte, og at deira 10.klassingar hadde hatt tre heile år med MOT. Den delen av rapporten viste interessante forskjellar:

- På landsbasis var det meir mistrivnad i 10.klasse enn i 8.klasse, men på MOT-skular var det om lag likt
- I 10.klasse var det på landsbasis nesten tre gonger så mange som ikkje treivst i det heile tatt samanlikna med MOT- skulane
- På landsbasis var det fleire som opplevde hyppig mobbing i 10. klasse enn i 8.klasse
- På MOT-skulane var det færre som opplevde hyppig mobbing i 10. klasse enn i 8.klasse
- Det var 57 % fleire på landsbasis enn i MOT-skular i 10. klasse som vart mobba ein gong i veka eller meir
- Viss ein ser på ungdomstrinnet under eitt, er det 46 % fleire elevar på landsbasis som rapporterer at dei ikkje trivst på skolen samanlikna med MOT-skulane.

(<http://ftp.mot.no/public/motno/resultater/MOTsBetydning2012-r2.pdf>) s.2

Fylkesrådmannen meiner at sjølv om dei fleste evalueringane er gjort i ungdomskular, så kan MOT-programmet vere eit godt tiltak i arbeidet med å nå målet om eit godt psykososialt læringsmiljø for alle. For å lykkast er det avgjerande at skulane er motiverte. Fylkesrådmannen foreslår at interesserte skular kan søkje om delfinansiering av kontingent i MOT-programmet, og at det vert sett av kr 200 000 til formålet. I tillegg vil fylkesrådmannen vurdere å invitere MOT-skulane til den årlege skulemiljøkonferansen for å dele sine erfaringar.